
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 5. mai 2015 09:43
Til: kamil
Kopi: Lillian Straumøy Brakstad; 'Lena Melanie Steinhoff'
Emne: SV: Klage på endringsvedtak - reguleringsplan for Løypetona
Vedlegg: Klage av 13.4.15.pdf

Hei.

De spør om status, om kva kommunen vil gjere, og om de skal klage på vedtaket.

Utval for drift og utvikling oppheva 3.3.2015 sitt vedtak i sak 97/2014.

Dei tok same dag Dykkar klage til følgje, og gjorde nytt vedtak som sa at opphavleg byggjegrænse i reguleringsplanen vert gjeldande. Utvalet gjorde såleis eit nytt enkeltvedtak i saka, jf. vårt brev av 12.3.2015.

Det nye vedtaket er påklaga av søkjar i saka, og vil verta behandla på nytt i ny klagesak 9. juni. Me legg ved klagen, sjå vedlegg.

Dersom de ynskjer det, kan de kome med uttale til denne nye klagen innan 25. mai.

Når det gjeld om de skal klage eller ikkje, så lyt De avgjere det sjølve, men klagefristen på vedtaket er gått ut no. Me minner elles om at De i sist møte fekk medhald i klagen dykkar, og at vedtaket vart gjort om til dykkar gunst.

Ta kontakt om De lurer på noko meir.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen

Fagansvarleg Plan

Tlf. 56171000/1173

e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Fra: Lillian Straumøy Brakstad
Sendt: 4. mai 2015 08:12
Til: kamil
Kopi: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: SV:

God morgon!

At saka er returnert frå Fylkesmannen er etter samtale mellom Fylkesmannen og sakshandsamar Anne Lise Olsen. E-posten din vert oversendt sakshandsamar, - ho er på kontoret i morgon.

Med helsing

Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent
Tlf. 56171000/1162
e-post: lillian.s.brakstad@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: kamil [<mailto:rnine2003@hotmail.com>]

Sendt: 30. april 2015 21:13

Til: Lillian Straumøy Brakstad

Emne:

Hei

Fikk Mail fra fylkesmann om retur av saken til Meland kommune, grunnet at de har klaget på nytt på det siste vedtaket.

Hva er statusen nå? Hva har kommunen tenkt å gjøre med dette?

Skal vi klage igjen?

Takk

Mvh

Kamil Daibes